

MØTEPROTOKOLL - KONTROLLUTVALGET

Møtedato:	Tid:	Møtestad:
Tysdag 3.10.23	Kl. 11.00-16.30	Lesja helsehus, møterom Tussheim

Til stades:

Medlemmer: Anders Norderhus (leiar), Oddvar Romundset (nestleiar), Anne Cathrine Enstad.

Varamedl.: Bjørg Dalum (for Kari Kjøde Enger), ~~Dag Vidar Enebo~~ (for Konrad Eithun).

Andre: Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG (sak 19-25)
Tonje Hesthagen, Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet (sak 18 - via Teams)
Kristian Lein, Innlandet Revisjon IKS (sak 18 - via Teams)
Hans Kristian Roen, Innlandet Revisjon IKS (sak 18 - via Teams)
Anette Karenstuen, Innlandet Revisjon IKS (sak 19 - via Teams)
Per Dag Hole, kommunedirektør (sak 20)

Saker som vart handsama:

Godkjenning av innkalling og sakliste

18/23 Prosjektplan - Eigarskapskontroll/forvaltningsrevisjon NGR

19/23 Prosjektplan - Forvaltningsrevisjon IKT-tryggleik

20/23 Protokoll og orienteringar

21/23 Oppdragsavtale 2024 med Innlandet Revisjon IKS

22/23 Budsjettforslag 2024 for kontrollutvalet

23/23 Henvending til kontrollutvalet

24/23 Evaluering av kontrollutvalets arbeid

25/23 Risiko- og vesentlegvurdering (ROV-analyse)

Ope post

Andre opplysningar:

Møteinncalling: 31. august 2023



Sakspapir utsendt: 25. september 2023

Møteleiar: Anders Norderhus.

Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG
Tone Hesthagen, Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet, sak 18

Underskrifter:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 18-25/2023 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

**Utskrift:**

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS, dagspresse, SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
3.10.2023	171/2023	19-25/2023	Elin Marit Andgard, SKNG
		18/2023	Tonje Hesthagen og Kari Louise Hovland, KSI (Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet)

Innkalling og sakliste vart godkjent.

SAK18/23 PROSJEKTPLAN -
EIGARSKAPSKONTROLL/FORVALTNINGSREVISJON NGR

Vedlegg:

- Saksframlegg frå settesekretariat Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet (KSI), ref 2020/698.
- Prosjektplan: Eierskapskontroll/forvaltningsrevisjon Nord-Gudbrandsdal renovasjonsselskap IKS, frå Innlandet Revisjon IKS datert 28. august 2023.

Saksopplysningar:

Fordi sekretær i SKNG Elin Marit Andgard er inhabil (jamfør forvaltningsloven § 6, fyrste ledd og § 8), er saken utgreid av Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet ved Kari Louise Hovland og Tonje Hesthagen.

Det blir vist til Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet sitt saksframlegg, ref. 2020/698, datert Lillehammer 12.9.2023.

Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet sitt forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalget tar prosjektplanen til orientering.
2. Kontrollutvalget opprettholder bestillingen av en eierskapskontroll / forvaltningsrevisjon av Nord Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS.
3. Det forutsettes likelydende vedtak i de samarbeidende kommunenes kontrollutvalg

Møtebehandling:

Innlandet Revisjon IKS ved Kristian Lein presenterte prosjektplanen via Teams. Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet ved Tonje Hesthagen deltok også digitalt som sette-sekretariat under behandling av saken.

Det ble ikke fremsatt endrings- eller tilleggsforslag.

Kontrollutvalget fattet enstemmig vedtak.

Vedtak:

1. Kontrollutvalget tar prosjektplanen til orientering.
2. Kontrollutvalget opprettholder bestillingen av en eierskapskontroll / forvaltningsrevisjon av Nord Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS.
3. Det forutsettes likelydende vedtak i de samarbeidende kommunenes kontrollutvalg.

SAK 19/23 PROSJEKTPLAN - FORVALTNINGSREVISJON IKT-TRYGGLEIK

Vedlegg:

- Prosjektplan: Overordnet styring av informasjonssikkerheten, frå Innlandet Revisjon IKS datert 14. august 2023.

Bakgrunn:

I vedteke plan for forvaltningsrevisjon er datatryggleik i skulane eit av fleire moglege tema for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vedtok 9.2.23 å tinge foranalyse til forvaltningsrevisjon om datatryggleik i skulane.

Innlandet Revisjon IKS presenterte foranalysen i fellesmøte 16. juni, og kontrollutvalet vedtok samme dag:

1. Kontrollutvalet tingar ein forvaltningsrevisjon av IKT-tryggleik i kommunen basert på den framlagte foranalysen.
2. Spor 1 blir lagt til grunn for forvaltningsrevisjonen med fylgjande problemstillingar:
 - Har kommunen etablert ein tilfredstillande overordna styring og oppfølging av informasjonstryggleiken?
 - I kva grad har dei tilsette i kommunen kjennskap til retningslinjer og rutiner for informasjonstryggleik?
3. Kontrollutvalet ber om at revisjonen legg fram ein prosjektplan på det fyrste møtet hausten 2023.

Innlandet Revisjon IKS har 14. august 2023 sendt over prosjektplan "Overordnet styring av informasjonssikkerheten", sjå vedlegg.

Innlandet Revisjon IKS ved forvaltningsrevisor Anette Karenstuen vil delta på møtet for å presentere prosjektplanen og svare på spørsmål.

Fakta:

Prosjektplanen er bygd opp med:

1. Innledning
 - Kontrollutvalgets bestilling
 - Bakgrunn for temaet
2. Formål og problemstillinger
3. Revisjonskriterier

4. Metode og gjennomføring
- Kvalitetsikring
 - Valg av metode
 - Gjennomføring og ressursbruk

Prosjektet har to problemstillinger:

1. Har kommunen etablert ein tilfredstillande overordna styring og oppfølging av informasjonstryggleiken?
2. I kva grad har dei tilsette i kommunen kjennskap til retningslinjer og rutiner for informasjonstryggleik?

Problemstilling 1 vil bli undersøkt med intervjuer med ansvarlege og dokumentanalyse av kommunen sine overordna styringsdokumenter, risikovurderinger og rutiner innan informasjonstryggleik.

Problemstilling 2 vil bli undersøkt med spørreundersøking blant dei tilsette i kommunen, samt intervjuer med m.a. leiarar.

Prosjektplanen gjer greie for lovverk, revisjonskriterier og metode. Litt forenkla sagt, vil revisjonen undersøke om kommunen har tilfredstillande rutiner og styring og kva som er haldning og praksis.

Prosjektet kan gjennomførast i løpet av 2024. Ressursbruk er stipulert til 300-350 timar, m.a. avhengig av kor mange kommuner som tingar prosjektet. Undersøkingane vil være i den einskilde kommunen, men det vil truleg være ein viss grad av stordriftsfordel med å tinge revisjon av same temaet samstundes, t.d. utarbeide revisjonskriterier, men sjølv forvaltningsrevisjonen av informasjonstryggleik vil skje i den einskilde kommunen med eigen rapport.

Vurdering:

IKT-tryggleik er eit stort og viktig tema for alle kommunar. Stadig meir kriminalitet skjer via nett og det er fleire høve der kriminelle har klart å ta kontroll over offentlege datasystem og informasjonen der. I og med at IKT blir brukt innan alle kommunale tenester, vil eit evt. dataangrep råke all kommunal tenesteyting. Mange datasystem inneheld mykje data av sensitiv art, mellom anna om barn eller andre sårbare grupper, og dette stiller ekstra store krav til system og databrukarar.

Ein forvaltningsrevisjon av temaet vil ha god nytteverdi, både på politisk og administrativt nivå. God IKT-tryggleik er viktig for kommunen som organisasjon, dei tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarane generelt.

Ein revisjon vil avdekke eventuelle avvik og stadfeste status. Alle funn vil danne grunnlag for læring og forbedring. Revisjonen vil i nokon grad vurdere kommunens internkontroll, og resultatet vil kunne overførast og nyttast i andre områder/tema også.

Når det gjeld ressursbruk og kostnad for forvaltningsrevisjon, sjå budsjettsaken.

Det vil være positivt at forvaltningsrevisjon blir sett i gang no, slik at dei nye kontrollutvala kan følge opp etter valet.

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet tek prosjektplanen til orientering.
2. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om overordna styring av informasjonstryggleik, jamfør prosjektplan, med stipulert ressursbruk på 300-350 timar og revisjonsrapport i løpet av 2024.

Handsaming:

Innlandet Revisjon IKS ved Anette Karenstuen presenterte prosjektplanen via Teams og svarte på spørsmål frå utvalet.

Det var spurt om prosjektet også kunne undersøke rutiner/praksis om offentleggjering og journalføring. Revisjonen svarte at det ligg på sida av prosjektet og dei to problemstillingene. Kontrollutvalet kan evt. be kommunedirektør om orientering.

Det vart ikkje sett fram endring- eller tilleggssforslag. Vedtaket var samrøysta.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek prosjektplanen til orientering.
2. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om overordna styring av informasjonstryggleik, jamfør prosjektplan, med stipulert ressursbruk på 300-350 timar og revisjonsrapport i løpet av 2024.

SAK 20/23 PROTOKOLL OG OG ORIENTERINGAR

- **Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 5. juli 23**
Sekretariatet har mottatt ein merknad (vedr. faktafeil) til protokollen.
- **Møteprotokoll frå styremøte i SKNG 28. august 23**
Protokoll frå styremøtet til orientering.
- **Statusrapport 2. tertial 2023 frå Innlandet Revisjon IKS**
I samsvar med oppdragsavtala punkt 4.5 rapporterer Innlandet Revisjon IKS på forbruk og grunngje eventuelle avvik. Det er stipulert 115 timar på forvaltningsrevisjon og 495 timar på rekneskaprevisjon (avtala er 82 og 445 timar).
- **Status møtegodtgjering**
Sekretariatet orienterer om status.
- **Orientering frå administrasjonen**
Status omorganisering
Status kommunestyrets vedtak om privatisering av veger
Retningslinjer og status for arbeidsmiljø-kartlegginger

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 5.7.23 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.

Handsaming:

Sekretariatet orienterte om spørsmålene som var sendt til kommunedirektøren i forkant:

Omorganisering

Bakgrunn: Viser til orientering om planlagt omorganisering til kontrollutvalet 9.2.23 og notatet "Ny administrativ organisering fra 1. juli 2023" til ansatte og politikere av 20.06.2023

Spørsmål: Kontrollutvalget ynskjer ein statusrapport. Det er ynskjeleg at referat frå arbeidsgruppa og leiarmøter samt uttaler/innspele som det blir vist til i notatet, blir sendt sekretariatet før møtet slik at utvalet er førebudd.

Kommunestyrets vedtak om privatisering av veger

Spørsmål: Kontrollutvalget ynskjer ei kort orientering om kva som har skjedd og status.

Arbeidsmiljøkartlegging

Bakgrunn: I samband med orienteringer og saker har det vore synt til personalpolitisk dokument vedtatt 4.2.2010 og revidert 21.10.2010, der det mellom anna står at det skal vere årlege medarbeidersamtaler (med rapportering til administrasjonsutvalget) og arbeidsmiljøundersøkingar.

Spørsmål:

- Gjeld dokumentet fortsatt eller er det erstatta av andre retningslinjer/prosedyrer for dette området?
- Dersom dokumentet fortsatt gjeld, når er det sist gjennomført medarbeidersamtaler og arbeidsmiljøundersøkingar i dei ulike kommunale verksemdene?
- Dersom dokumentet frå 2010 er erstatta, ynskjer utvalet å få tilsendt ny versjon og ein muntleg orientering/gjennomgang på møtet.

Kommunedirektøren orienterte om fylgjande tema og svarte på spørsmål undervegs:

- Status omorganisering
 - Bakgrunn, prosess
 - Ny organisasjonsplan; endringer og grunngjeving
 - Ingen radikal endring, tilbake til gammel 3-ledernivå-modell.
 - Kommunalsjef skal etter ny org. ha økonomi- og personalansvar.
 - Mål om at to nye kommunalsjefer er på plass ved nyttår.
 - Ingen endringsoppsigelser.
 - Behov for evaluering.
- Status kommunestyrets vedtak om privatisering av veger
 - Det blir utgreia ny sak til neste møte i forvaltningsstyret.
- Retningslinjer og status for arbeidsmiljø-kartlegginger (Ref: mail frå personalsjefen)
 - Retningslinjene frå 2010 gjeld fortsatt.
 - Det har vore noko forskjellig om medarbeidersamtaler har vore gjennomført.
 - Det har ikkje vorte rapportert til administrasjonsutvalget ved kvar årsslutt.
 - Lederansvar tema i lederforum/ledermøter og på ledersamling.
 - Arbeidsmiljøundersøkelse på Lesja helsehus gjennomført i mars-2023.
 - Undersøkelser i form av Quest Back gjennomført i 2010 og 2011. Daværande rådmann med ledergruppe, meinte at vidare undersøkelser burde avvente.
- Status helsehuset, ref. tidlegare orientering
 - Arbeidsmiljøundersøking og plan for tiltak/oppfølging.
 - Prosess med å rette opp avvik etter branntilsyn er i gang.
 - Oppfølging etter tilsyn: Ny attendemeldingsrapport med frist 1.10 er levert.

Vedtak:

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 5.7.23 vart godkjent med ei endring, og første line i avsnittet "Habilitet og møterett" blir som følger: Leiar i kontrollutvalget informerte om sekretæren sine slektshøve til brannsjef (bror) og oppvektssjef (svigerinne).

Referatsaker er teke til orientering.

SAK 21/23 OPPDRAGSAVTALE 2024 MED INNLANDET REVISJON IKS

Vedlegg:

- Forslag til oppdragsavtale 2024 med Innlandet Revisjon IKS

Bakgrunn:

Kommunelova § 23-2 konkretiserer at kontrollutvalet skal sjå til at det blir utført rekneskapsrevisjon, kontroll med den økonomiske forvaltninga, forvaltningsrevisjoner av kommunen sin verksemd og selskaper som kommunen har eigarinteresser i samt eigarskapskontroll.

Kommunen har valgt Innlandet Revisjon IKS som revisor. Samarbeidet er regulert i ei selskapsavtale som mellom anna forpliktar kommunen til å bestille lovpålagde revisjonstenester frå selskapet. Innlandet revisjon IKS skal levere tenester til sjølvkost.

Oppdragsavtale blir inngått for kvart år og fungerer som eit overordna dokument og bidreg til å innfri kravet til kontrollutvalet om å sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning og at revisjonsarbeidet er i tråd med lover, reglar, faglege standardar.

Fakta:

Innlandet revisjon IKS har lagt fram forslag til oppdragsavtale. Avtala omtalar ramme/ressursbruk og kostnad og dialog og rapportering kontrollutvalg – revisjon

Avtala har ein timepris på rekneskapsrevisjon på kr 1175 og gjennomsnittleg timepris på forvaltningsrevisjon på kr 1275. Det er teke førehald om godkjenning av representantskapet i selskapet.

Det blir foreslått ein auke på antal timar på forvaltningsrevisjon og det samme antal timer som tidlegare på rekneskap, totalt 690 timar fordelt på:

Rekneskap	445 timar	inkl. attestasjonar, veiledning
Forvaltningsrevisjon	230 timar	inkl. eigarskapskontroll
Møter	15 timar	møter i kontrollutval og kommunestyre

Forslag til oppdragsavtale for 2024 vil utgjere kr 835.250.

Vurdering:

230 timar årleg til forvaltningsrevisjon er naudsynt for å kunne bestille 3 kontrollar i løpet av ei 4-årsperiode og dette er å betrakte som eit nøkternt nivå. Oppdragsavtala har færre timar til forvaltningsrevisjon enn det som er foreslått i budsjettet for 2024 (særtilfelle for dette året).

Kommunen betaler revisjonen for oppdragsavtale med 3 terminar (januar, mai og september). Selskapet sender avrekning innan 31. januar det påfylgjande året basert på medgått tid. Det er derfor ingen risiko for at kommune betaler for timer som ikkje er utført/bestilt.

Alle tenester som er lista opp i avtala er lovpålagde med unntak av "Veiledning og bistand" og "Bestilte andre tenester".

Kontrollutvalet har liten påverknad på timeforbruk til rekneskapsrevisjon. Utvalet har større påverknad på timebruk til forvaltningsrevisjon ut frå bestilling. Volum kan varierer frå år til år ut frå når bestilling av forvaltningsrevisjon skjer og type revisjon. Og om revisjon gjeld fleire kommuner blir timebruk og utgiftene fordelt. Det er ynskjeleg at forvaltningsrevisjonar framover blir jevnare fordelt og i samsvar med ramme i oppdragsavtala.

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet inngår oppdragsavtale for 2024 med Innlandet Revisjon IKS med ei økonomisk kostnadsramme på inntil kr 835.250.
2. Avtala blir inngått under føresetnad av at kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontrollarbeid blir vedteke av kommunestyret.
3. Avtala blir signert på det fyrste møtet i 2024.

Handsaming:

Det vart ikkje sett fram endring- eller tilleggsforslag. Vedtaket var samrøysta.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet inngår oppdragsavtale for 2024 med Innlandet Revisjon IKS med ei økonomisk kostnadsramme på inntil kr 835.250.
2. Avtala blir inngått under føresetnad av at kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontrollarbeid blir vedteke av kommunestyret.
3. Avtala blir signert på det fyrste møtet i 2024.

SAK 22/23 BUDSJETTFORSLAG 2024 FOR KONTROLLUTVALET

Bakgrunn:

"Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret." (Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2)

Departementet har gjeve fylgjande merknader til § 2:

"Den gir kontrollutvalget rett og plikt til å utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. I uttrykket kontrollarbeidet inngår da utgifter til kontrollutvalget, kontrollutvalgssekretariatet og revisjonen.

Kontrollutvalgets forslag skal følge innstillingen om årsbudsjett, som går fra formannskapet til kommunestyret eller fylkestinget. Som en del av sin helhetlige budsjettinnstilling, tar formannskapet selv stilling til hvordan det mener budsjettet for kontrollarbeidet bør være. Kontrollutvalgets budsjettforslag følger uendret saken. Det skal være klart og tydelig for kommunestyret hva kontrollutvalget har foreslått. At forslaget skal følge innstillingen betyr også at kommunedirektøren ikke har adgang til å gjøre endringer i kontrollutvalgets forslag underveis i prosessen."

I fylgje kommuneloven § 23-2 skal kontrollutvalet sjå til at det blir utført rekneskapsrevisjon, kontroll med den økonomiske forvaltninga, forvaltningsrevisjonar av kommunen sin verksemd og selskaper som kommunen har eigarinteresser i samt eigarskapskontroll. Loven seier også at kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredstiller utvalets behov.

Kontrollutvalets budsjett for kontrollarbeid i kommunen skal innehalde tre områder:

- * Kontrollutvalet
- * Kontrollutvalssekretariatet
- * Revisjonen

Budsjettforslag:

Det blir foreslått budsjett for 2024 med ei totalramme på kr 1.360.550 fordelt på

- | | |
|---------------------------------------|--------------|
| * Kontrollutvalets drift | 84.000 kr |
| * Kontrollutvalssekretariatet (SKNG) | 160.800 kr |
| * Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS) | 1.115.750 kr |

Budsjettet må gje rom for at kontrollutvalet kan utføre kontrollansvaret sitt. Det er viktig at budsjettet også tek høgde for at kan oppstå uventa situasjonar, t.d. mediasaker, førespurnader og innspel frå revisjonen som kontrollutvalet må fylgje opp.

Kontrollutvalets drift

I denne posten er utvalets møteutgifter og utgifter til kurs/opplæring for medlemmene. For å gjøre eit godt fagleg arbeid, må medlemmer og varamedlemmer få naudsynt opplæring og være fagleg ajourhold. Det er viktig at mange kan delta på ei årleg konferanse for kontrollutval. Slike samlingar gje kunnskap og erfaringsutveksling og bidreg til eit godt fagleg grunnlag og motivasjon. For nyvalgt kontrollutval er det planlagt regionale kursdagar i tillegg til deltaking på kommunens folkevalgtopplæring. Det meste skjer i løpet av 2023 og ein regional dag året etter.

Møtegodtgjering	kr	12.000	Fem møter i året
Tapt arbeidsforteneste	kr	15.000	
Arbeidsgjevaravgift	kr	2.000	
Reiseutgifter	kr	5.000	
Møter, konferanser	kr	40.000	1 konferanse årleg pr. medlem (NKRF/FKT)
Møteutgifter (servering m.m.)	kr	3.500	Enkel servering
Kontingent FKT	kr	3.500	Forum for kontroll og tilsyn
Uforutsette utgifter	kr	3.000	
<i>Sum kontrollutvalets drift</i>	<i>kr</i>	<i>84.000</i>	

Kontrollutvalssekretariatet (SKNG)

Kommunen deltek i det interkommunale samarbeidet Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG). Sekretariatet har ansvar for sakshandsaming for utvalet og tilrettelegging for utvalets arbeid.

Styret for SKNG vedtok budsjett-2024 den 28. august 2023 med ei total ramme på kr 979.800 kr og refusjonsgrunnlag frå kommunene på kr 964.800.

<u>Tekst</u>	<u>Regnskap-2022</u>	<u>Budsjett-2023</u>	<u>Budsjett-2024</u>
Løn, sos.avgifter, køyregodtgj.	664 119	698 200	754 800
Styremøter	11 040	6 800	25 000
Kurs (sekr.)	23 587	7 000	28 000
Husleie, kontorhald inkl. IKT	90 626	65 800	111 000
Kontingenter	24 164	26 000	26 000
Interne adm. kostnader		26 000	20 000
Sjukelønrefusjon	-228 031	0	0
Refusjon frå kommunene	-585 505	-829 800	-964 800

- Løn: Budsjett-23 var basert på løn pr. 1.5.22. Pensjonssatser i 2024 som 2023.
- Styremøter: Styregodtgjering for 4 møter etter Sel kommune sine satser. Det var ingen utbetaling til styret i 2022 og for lågt budsjettert i 2023.
- Kurs: 2 kurs/konferanser for kontrollutval/sekretariat.
- Husleie m.m.: Auke i IKT-utgifter for digitalt sak- og arkivsystem f.o.m. 2024.
- Interne adm.kostnader: Tenester frå Sel kommune (jamfør samarbeidsavtale).

F.o.m. 2024 blir utgiftene for kontrollutvalssekretariatet fordelt med 1/6 pr. kommune etter ny samarbeidsavtale og utgjør kr 160.800.

Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS)

Kommunen har valgt Innlandet Revisjon IKS som revisor og kontrollutvalet inngår på vegne av kommunen årleg oppdragsavtale for revisjonsarbeidet med stipulert ressursbruk for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll og møtedeltaking.

Rekneskapsrevisjon er lovpålagt og skal gjennomførast etter lover, regler og god revisjonsskikk. Kontrollutvalet har ingen påverknad på omfanget utover å bestille meir enn det lovpålagte.

I kvar valperiode vedtek kommunestyret - etter forslag frå kontrollutvalet - plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Denne planen skal lagast på bakgrunn av ein risiko- og vesentlegvurdering. Ressursbruk for ein forvaltningsrevisjon er 300-350 timer. Når kommunestyret vedtek planen, må det også være midler til arbeidet.

Gjeldande plan for 2020-23 har 4 tema for forvaltningsrevisjon: Helsetenester NGLMS, barnevern, datatryggleik, beredskap og internkontroll. Det var ikkje utarbeid plan for eigarskapskontroll. Hittil i perioda har det vore gjennomført ein forvaltningsrevisjon, Helsesamarbeid NGLMS. Rapporten vart levert i juni-22, ressursbruk om lag 400 timar fordelt på seks kommuner.

Det er i 2023 gjennomført foranalyse og prosjektplan med det formålet å bestille:

- Forvaltningsrevisjon om informasjonstryggleik: 300-350 timar pr. kommune i 2024. IKT er "ferskvare" og det er uheldig å dele prosjektet over fleire år.
- Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon NGR: Stipulert ressursbruk 700 timar i 2024. Dette blir eit fellesprosjekt som blir delt på dei seks kommunene.

Dei to forvaltningrevisjonane som er foreslått, er viktige på kvar sine måter og tilfredstillar dei to grunnleggjande krava til revisjon som er risiko og vesentleg.

I perioda 2020-23 er det stipulert at det blir eit underbruk på 125 timer for medgått tid innan området forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Timesatser i 2024 for rekneskapsrevisjon er kr 1175,- og gjennomsnittleg timesats på bestilte tenester (forvaltningsrevisjon) og møter er kr 1275,-. Alle satser er med førehald om godkjenning av representantskapet i Innlandet revisjon IKS.

Ressursbehov revisjon i 2024 er 910 timar, fordelt på:

Rekneskapsrevisjon	445 timar	inkl. attestasjonar, veiledning
Forvaltningsrevisjon	450 timar	inkl. eigarskapskontroll
Møter	15 timar	møter i kontrollutval og kommunestyre

Ressursbehovet og budsjettforslaget for 2024 er 220 fleire timar på forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll enn oppdragsavtala i perioden.

Kjøp av revisjonstenester kr 1.115.750.

Vurdering av budsjettforslaget:

Budsjettforslaget med rekneskap og budsjett for tidlegare år:

	Rekneskap-22	Budsjett-23	Budsjett-24
Kontrollutvalets drift	17 867	84 000	84 000
Kontrollutvalssekretariatet	81 150	115 068	160 800
Revisjonen	520 690	660 100	1 115 750
Sum	619 707	859 168	1 360 550

Sekretariatet vil understreke at budsjettforslaget er sett opp ut frå eit reelt behov, ikkje historikk. Kontrollutvalets aktivitet og dermed også kontrollarbeidet har samla i denne perioda vore annleis og lågare enn det som er forventa og naudsynt.

Det er to hovudårsakar til dette:

1. Korona-pandemien

- Streng restriksjonar førte til låg møteaktivitet og opplæring av nytt kontrollutval pågjekk over ei lengre periode.
- Det tok lang tid før nytt kontrollutval kom ordentleg i gang.
- Digitale møter – og særskilt i nye utval - er lite egna i drøfting og planprosessar.

2. Situasjon i kontrollutvalssekretariatet

- Sekretær pensjonerte seg i 2021. Den nytilsette fekk mindre "overlapping" og opplæring enn det som var avtalt.
- Over ½ år vakanse i 2022 grunna sjukdom.
- Vikar frå januar-23 som skulle sette seg inn i arbeidet på eige hand.

Desse høva har ført til redusert utvalsaktivitet og kontrollarbeid, som i særleg grad har gått utover utarbeiding og oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon. Ressursbruken til forvaltningsrevisjonar har vore unaturleg låg i denne perioda og speglar ikkje det reelle behovet.

For å unngå liten aktivitet det fyrste året i valperioda, blir det tatt fleire grep:

- Arbeidet med ROV-analyse (Risiko- og vesentlegvurdering) er i gang.
- Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er planlagt ferdig til sumaren-24.
- Kontrollutvalet har to prosjektplanar til handsaming no, og for båe er det planlagt gjennomføring og rapport i løpet av 2024. Det er positivt at nytt kontrollutval får revisjonsrapport tidleg i perioda, då det er mykje læring i det.

Sekretariatet meiner at det foreslåtte budsjettet er nøkternt og at det er naudsynt for at kontrollutvalet skal kunne utøve ansvaret sitt. Dersom kommunestyret vedtek ei anna ramme, må utvalet revidere budsjettet på fyrste møte i 2024.

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Kontrollutvalet foreslår kr 1.360.550 som total budsjetttramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2024 med denne fordeling:

- * Kontrollutvalets drift 84.000 kr
- * Kontrollutvalssekretariatet (SKNG) 160.800 kr
- * Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS) 1.115.750 kr

Handsaming:

Det vart ikkje sett fram endring- eller tilleggsforslag. Vedtaket var samrøysta.

Vedtak:

Kontrollutvalet foreslår kr 1.360.550 som total budsjettramme for kontrollarbeidet i kommunen i 2024 med denne fordelinga:

- * Kontrollutvalets drift 84.000 kr
- * Kontrollutvalssekretariatet (SKNG) 160.800 kr
- * Revisjonen (Innlandet Revisjon IKS) 1.115.750 kr

SAK 23/23 HENVENDING TIL KONTROLLUTVALET

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har mottatt to henvendingar:

1. Privatperson NN: Spørsmål om opprettelse av ny kommunalsjefstilling i lys av kommunens retningslinjer for tilsetning og kommunens økonomiske situasjon.
2. Branntilsynet: På bakgrunn av tilsyn med brannsjikkerheten ved Lesja helsehus varsler brannvesenet om svikt relatert til kommunal forvaltning med risiko for liv, helse, miljø og materielle verdier. Branntilsynet varsler om mulig brudd på kommunelovens § 25-1 internkontroll og mulig brudd på lov om offentlige anskaffelser.

Fakta:

Det er i hovudsak to kjelder som er viktige for å finne tilråding om korleis kontrollutvalet bør handsame henvendingar: Kontrollutvalsboka og veileder frå FKT.

"Kontrollutvalsboka" rettleiar frå kommunal- og distriktsdepartementet:

- * I tillegg til lovpålagde oppgåver knytta til revisjon og eigarskapskontroll, er kontrollutvalet avhengig av å ta opp saker på eige initiativ og få innspel til saker frå andre for å ta hand om det løpande kontrollansvaret.
- * Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver i tillegg til det som fylgjer av kommunelova kap. 23 og 24 samt forskrift om kontrollutvalg og revisjon i kommuner.
- * Kontrollutvalet må sjølv vurdere om og korleis det skal handsame henvendingar frå andre partar. Det er formålstenleg å skilje mellom pålagde, planlagde og uplanlagde saker. Innspel frå kontrollutvalets medlemmer, tilsette, innbyggjarar, rapportar, mediasaker m.m. er i kategorien uplanlagde saker.
- * Korvidt kontrollutvalet skal handsame ei sak, avheng av at saka ligg innanfor kontrollutvalets mandat og oppgåver. Utvalet bør også vurdere om saka

representerer ein høg nok risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfylgjing. Utvalet bør vurdere saker ut frå risiko- og vesentlegheit.

- * Dersom henvendingar gjeld saker som er til handsaming hjå politiet/domstolane, under politisk arbeid eller er hjå statsforvaltar, bør ein vente med undersøkingar.
- * Kontrollutvalet er ikkje noko klageorgan, og henvendingar som gjeld klager på t.d. enkeltvedtak bør visast til rett klageorgan. Det kontrollutvalet kan gjere er å undersøkje henvendingar som kan tyde på svikt i den kommunale sakshandsaminga eller at kommunen ikkje følgjer lover og retningsliner som den er underlagt.

"Veileder for henvendelse til kontrollutvalget" frå FKT:

- * Alle henvendingar bør skriftleggjerast for å handsamast av kontrollutvalet.
- * Henvendingar til kontrollutvalet/sekretariatet skal journalførast. Og i tråd med god forvaltningsskikk bør sekretariatet stadfesta at den er mottatt.
- * Kontrollutvalets oppgåve er å føre kontroll, og henvendingar dit bør derfor handterast meir formelt enn rolla som folkevalgt elles gje rom for.
- * Ved henvendingar som blir sett på sakskartet, bør sekretariatet gjere ei vurdering av innhaldet og komme med forslag til korleis den kan handsamast.
- * Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle høve ved kommunens verksemd, så lenge det kan definerast som kontrollarbeid.
- * Kontrollutvalet bør bruke "Trafikklysmodellen" når utvalet skal vurdere om innhaldet i ein henvending skal fylgjast opp.
- * Kontrollutvalget har fleire aktuelle framgangsmåter:
 - Samle informasjon
 - Orienteringar
 - Inn i ROV-analyse
 - Kartlegging/undersøking
 - Forvaltningsrevisjon/eigerskapskontroll
 - Høyring

Andre kjelder:

- * Det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat å fylgje opp varsel etter Arbeidsmiljølovens kap. 2a.
- * Kontrollutvalet er ikkje eit forvaltningsorgan som handsamer enkeltsaker etter forvaltningsloven og er såleis ikkje eit klageorgan.
- * Det er ikkje klagerett på vedtak som kontrollutvalet gjer eller andre partsretter etter forvaltningsloven § 28.
- * Den/dei som rettar seg til kontrollutvalget er ikkje å rekne som part i ein eventuell kontrollsak.

Vurdering:

Ut frå spørsmåla i "Trafikklysmodellen" vurderer sekretariatet at både henvendingane er innanfor kontrollutvalets mandat og oppgåve og at det er grunnlag for at kontrollutvalet kan fylgje opp sakene. Sekretariatet vil understreke at det er kontrollutvalet sjølv som skal vurdere og gjere vedtak om utvalet vil gå vidare med henvendingane og korleis.

I vedtatt plan for forvaltningsrevisjoner er internkontroll eit av fire aktuelle tema. Kontrollutvalet kan vurdere om det er grunnlag for å bestille foranalyse på dette temaet og evt. utsette bestilling av forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik (sak 19/23) eller om temaet evt. bør inn i plan for forvaltningsrevisjon for neste periode. Tidsperspektivet og nytt kontrollutval kan vere moment i denne avgjerla.

Ut frå innhaldet i henvendingane og tilrådingar i FKTs veileder, kan oppfølging være t.d.:

- Henvending 1: Kontrollutvalet ber om orientering om kommunens retningslinjer for oppretting av stillinger og tilsettingsprosedyrer.
- Henvending 2:
 - Alt. a) Kontrollutvalet tek med opplysningane som innspel i utvalets arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV-analyse) som er grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon i komande 4-årsperiode.
 - Alt b) Kontrollutvalet tingar foranalyse til forvaltningsrevisjon om kommunen sin internkontroll er i tråd med kommuneloven § 25 og om rutiner i denne blir fulgt.
 - Alt c) Kontrollutvalet ber om rapport om kommunens internkontroll.

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Saken blir lagt fram utan innstilling til vedtak.

Handsaming:

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5 og offentleglova § 13 jfr. Forvaltningslova § 13 1.ledd. Sekretariatet er gjeve rett til å være til stades.

Sekretariatet deltok ikkje under handsaming av henvending 2.

Henvendingane vart delt ut i skriftleg form, henvending 1 i anonymisert form, og samla inn att etter gjennomlesing.

Kontrollutvalet drøfta henvendingane ut frå utvalets kontrollansvar.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak:

Kontrollutvalet har teke henvendingane til orientering.

Kontrollutvalet ber sekretariatet kontakte revisjonen med spørsmål om dei kan avklare om stillinga som kommunalsjef helse og oppvekst er oppretta etter kommuneloven og kommunens interne reglement.

Informasjon i henvending nr. 2 blir tatt med inn i ROV-analyse og plan for forvaltningsrevisjon.

SAK 24/23 EVALUERING AV KONTROLLUTVALETS ARBEID

Vedlegg:

- Evalueringsskjema

Bakgrunn:

Kontrollutvalets valperiode nærmar seg slutten og det er formålstenleg med ei evaluering. Målet med evaluering er å bidra til læring og forbetring ved å sette søkeljos på korleis kontrollutvalet fyller sin kontrollfunksjon og korleis det har arbeida. Det er nyttig med innspel til forbetringar og tiltak som kan gjere at nytt kontrollutval får ein så god start som mulig. Eigen-evaluering er også tilrådd i Kontrollutvalsboka frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Fakta:

Utvalet må sjølv gjennomføre evalueringa ut frå sine erfaringer i denne perioden.

Sekretariatet har sett opp nokre spørsmål i eit evalueringsskjema som kan brukast som utgangspunkt for førebuing til og gjennomføring av evalueringa.

Utvalsmedlemmene blir oppmoda om å gå gjennom spørsmåla i forkant av møtet, tenkje gjennom sine erfaringar og ta med seg innspel til møtet. Det blir gjennomført ei felles evaluering i møtet, og sekretariatet lager eit referat frå denne.

Vurdering:

Sekretariatet tenkjer at spørsmåla i er eit utgangspunkt, og ikkje noko som skal følgjast slavisk. Det viktigaste er at utvalet tek seg tid til å «drodle» om stort og smått frå arbeidet og at dette blir oppsummert og brukt som læring for nytt kontrollutval.

Det kan også være nyttig med ei evaluering fra politisk og administrativt hold. Utvalet kan vurdere å invitere kommunedirektør og ordførar til neste møte for ein dialog om utvalets funksjon og arbeid.

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med innspel frå evalueringa og bruke det i vidare forbetringsarbeid og i opplæring av nytt utval.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom evalueringsskjemaet.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med innspel frå evalueringa og bruke det i vidare forbetringsarbeid og i opplæring av nytt utval.

SAK 25/23 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING (ROV-ANALYSE)

Vedlegg:

- ROV-analyse og risikodiagram

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal i følge kommuneloven minst ein gong i valperioda, og innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroller. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV-analyse) av kommunen sin verksemd, verksemda i kommunen sine selskaper og kommunen sin eigarskap.

Korkje kommunelova eller forskrift om kontrollutvalg og revisjon gje konkrete føringar på form og innhald i ROV-analysen, gjennomføring eller kven som kan utarbeide den. NKRF har laga ein veileder, med m.a. liste over aktuelle informasjonskjelder.

Styret for SKNG har vedteke "Prosess for å utarbeide ROV-analyse og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i SKNG-området". Denne planen er vedlagt og syner prosessen for å få dette utarbeida.

Fakta:

Utvalsmedlemmene blir oppmoda om å gå gjennom det vedlagte risikodiagrammet i forkant av møtet og ta med seg innspel til møtet. Det blir gjennomført "runde-rundt-bordet" og drøfting.

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med utvalets synspunkt som innspel til ROV-analyse.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom risikodiagrammet og ga innspel.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med utvalets synspunkt som innspel til ROV-analyse.